

Styremøte 10./1. - 20

Desse møtte: Solveig, Bjørg.Nelly, Mette Marie, Elin, Sunneva.

Sak 09/20 Referat og orienteringar

- \* Lilly fekk julehelsing.
- \* Lefsekurs vart halde i november.
- \* Juledag på VTS 4.jan., ca. 40 møtte.
- Ca. 2/3 av ei stor marsipankake vart frose ned, og skal brukast på eit møte.
- \* Judith sender bilde frå lagsaktivitetar til fylkesårsmøte i Ålesund 28. -

29.mars.

- \* Forslag til Årets lag - frist 20.februar.
- \* Forslag til kandidat til Bygdekv.prisen «Kjerringa mot strømmen" frist

15.april.

- \* Landsmøte er i Bergen 5. - 6.juni.
- \* Familiemiddag 23.feb. - Styret syntest Trollstova var ein kjekk plass. Vi må

ha åresal.

- \* Judith tok bilde av styret, skal brukast på heimesida.
- \* Evaluering av 17. des. sluttmarkering av Norddal kommune: Bygdekvinnelaget tok 150 kr. pr. time for kvar person som hjelpte til. Det blir ein kulturkveld med Astor Furset der han viser opptatt heile

programinnslaget sitt.

Sak 10/20 Økonomi

- \* VBK fekk kr. 1000 av kommunen for innsatsen 17. des.
- \* VBK fekk kr 6214 i momsrefusjon.
- \* Åresal på VTS-julefesten kr 2340.
- \* Nelly kasserar prøver å få ny medlemsliste alfabetisk.
- \* VBK har vips, Nelly har fått liste over kven som har betalt inn.

Sak 11/29 Årsplan

- Jan. 4. Julelag VTS (Aktivitetsgruppa)
- Feb. 23. Familiemiddag (Aktivitetsgruppa) Åresal.
- Mars 11. Ope møte m. Karin Svarstad Flatøy( gratis inngang og åresal) +

Fredagskafe ( Kafegruppa)

- April Medlemsmøte - Vi lagar mat saman.
- Mai Sansehagedugnad + Aktivetsdag for funksjonshemma - deltaking.
- Juni Sommaravslutning ( Aktivitetsgruppa), + Sansehagedugnad.
- August Medlemsmøte / setertur
- Sept. Ope møte med tema.
- Okt. Ope møte m. markering av verdas bygdekv.dag 15.okt., verdas

matvaredag 16. økt.

+ Kyrkjekaffi (Kafegruppa).

- Nov. 5? Årsmøte (1. veka i nov.) + Fredagskafe (Kafegruppa).
- Des. 3. Førjulshygge på biblioteket.

Årsplanhefte bør lagast

April: Ev. besøk av»Tilbake til livet» må bli saman med skule el. andre lag.

(Solveig)

Mars: Ev. framhald av prosjektet graut til skulefrukost (Solveig undersøker

litt.)

- Sak 12/20 Marsmøte med Karin Flatøy  
Solveig og Brita samsnakkar. Invitere Husflidslaget? Tinge Lagsrommet.
- Sak 13/20 April - Tilbake til livet- sjå ovanfor.
- Sak 14/20 Studiearbeid  
Frist15.jan. for innsending av kurs i 2019.  
Nytt lefsekurs i oktober?
- Sak 15/20 Verving  
Verve som før, medlemmer spør andre om å bli med som medlem i laget.  
Ei lita påskjønning til ein vervar- bestemt ved trekning?
- OBS! OBS! ALLE NYE MEDLEMER FÅR SETERBOKA I VELKOMSTGÅVE!  
Møt opp på FRIVILLIGSENTRALEN, Bjørg har fleire bøker på lager.
- Sak 16/20 Møteplan for styremøta  
Styremøte 2. tysdagen i kvar månad. Møta går ut når dei ikkje trengst.
- Sak1720 Ymse  
Forslag om å kjøpe ei takke, minste sort til skolekjøkkenet.  
Samrøystes vedtak.

Sunneva Linge skrivar